

Møtereferat

Referatdato:
20.06.2025

Referanse:
2025/999-18

Mottakar:

Referat informasjonsmøte bekk1, 2 og 3

Møtet blei heldt i Kommunestyresalen på Tingstugu den 19.06.25 kl. 16.30.
Frå Ål kommune stilte: Svein Furuhaug, Betina Gullhagen i tillegg stilte Magnus Skrindo frå Asplan Viak.

Ål kommune introdusera møtet med å fortelje at det no i juni skal bli sendt inn ein søknad til NVE på tiltak i bekk 1, 2 og 3. Kommuna reknar med å få svar i februar/mars 2026, prosjektering og forarbeid med befaringar på eigedommane som blir råka av tiltaka vil bli gjort hausten 2025. Tiltaka som det blir søkt om er dimensjonert av Skred As og prosjektert av Asplan Viak. Det er blitt laga 2 forskjellige alternativ på tiltak i bekk 1. Det eine er stor opprusting av dimensjonar på stikkrenner og opparbeiding av opent bekkeløp gjennom sentrum, med denne løysinga vil det være behov for å heve vegane i Myren og helsetunvegen for å sikre eit trygt flomløp som ikkje ledar vatn inn mot helsetunet eller Ålingen kjøpesenter. Det andre alternativet, som også er administrasjonen og asplan viaks foreturkne løysing er eit fordrøyningsbasseng over bekken. I dette alternativet trengs det kun mindre tiltak gjennom sentrum, uansett tiltak må det arbeidast noko i sentrum. Magnus Skrindo presenterer meir spesifikt om tiltaka i bekk 1.

For bekk 2 er det kun den nedre delen av bekken det skal gjerast noko med i denne omgang, det er strekninga frå Thon Hotell til Rv7. For bekk 3 er det planlagt plastring av bekkeløpet oppover eit stykke slik at ein sikrar at bekken ikkje byrjar å fylje sitt gamle bekkeløp. Magnus Skrindo presentere løysingane.

Målet er å lyse arbeida ut på anbud raskt etter at kommuna har mottatt svar frå NVE og starte opp arbeida i løpet av 2026, med forbehold om at NVE gir støtte.

Spørsmål og svar:

1. Er det blitt tenkt noke på og kartlagt noke med take på skredfaren i området.
 - Skredfaren er blitt kartlagt av Skred As, rapporten for området ligger på Ål kommune si heimeside.
2. Vil det bli tiltak i øvre del av bekk 2 og sikringstiltak mot skredfaren i sentrum?
 - Ål kommune har bestilt ei prioriteringsliste frå Skred As, denne lista prioritera alle tiltaka i kommune og sett dei tiltaka hvor det er mest kritisk å gjere tiltak med tanke på fare og antal menneskjer som får nytte av tiltaket. Politikarane har



bestemt at dei vil fylje denne prioriteringslista og det er denne som bestemmer hvor fort det vil bli gjort tiltak i bekk 2 og skred i sentrum. Dersom tiltaka står høgt på prioriteringslista vil det skje tiltak der raskare enn dersom tiltak er lagt ned på lista. Ål kommune kjem til å gjere sikringstiltak der hvor NVE går inn med støtte til tiltaka. Ein eller anna gang vil NVE si nei til å støtte eit tiltak, da er ikkje tiltaket kritisk nok eller dei anser ikkje samfunnsnytta som stor nok, då vil heller ikkje ål kommune kunne koste dette tiltaket.

3. Kostnadsfordeling

- Kostnadsfordelinga vil bli gjort på same måte i desse prosjekta som på tidligare sikringsprosjekt, eks. Hellinggrove og Stavegrove. Ål kommune vil sette opp eit reknestykke og forslag til ei fordeling, deretter er det opp til politikarane å avgjere fordelinga. Kostnadsfordelinga er avhengig av totalsummen på prosjektet, NVE gir 90% støtte på kostnadar som omhandlar bekkeløpa. Det er den resterande eigenandelen på 10% som skal fordelast på grunneigarane som nyter godt av tiltaka. Dette vil sjå noko ulikt ut frå bekk til bekk avhengig av kven som nyt godt av sikringstiltaka. Ål kommune må koste bygging av stikkrenner utbetring av røyr og vegar sjølv. Det vil bli heldt fleire informasjonsmøte når me har meir informasjon om tiltaka, prosessen og kostnadsfordelinga.

Med helsing

Betina Mariannedotter Gullhagen
Prosjektleder